

Vedtekter for Næringsfondet i Jondal kommune

§1. Heimel, kapital og avkastning.

a) Fondskapitalen er næringsfond (kraftfond) på kr 800.000 innbetalt i samband med utbygging av Folgefonnanlegga. Fondet er oppretta ved kongeleg resolusjon av 18.07.1980.

b) Avkastninga/tilføringa er :

- årlege konsesjonsavgifter frå utbygginga av Folgefonnanlegga
- renter og avkastning av fondskapitalen
- renter og avdrag på lån og andre tilførsalar

Alle konsesjonsavgifter, renter og anna avkastning skal takast til inntekt for fondet og må disponerast i samsvar med føresegnene.

Fondskapitalen kan ikkje nyttast til lån eller tilskot.

§2. Føremål

Næringsfondet skal i første rekkje nyttast til næringsføremål, som til dømes bedriftsstøtte, tilrettelegging for næringsutvikling i regi av kommunen, stadutvikling, ulike typar utviklingsarbeid med meir. Fondet kan også nyttast til kommunale investeringar i varige driftsmiddel.

Fondet kan ikkje nyttast til å dekkja kommunen si drift, bortsett frå renter og avdrag på investeringar som er i samsvarar med fondet sitt føremål og lønskostnader til forvaltning av fondet.

Det kan ikkje gjevast støtte til bedrifter for å dekkja avdrag og renter på lån eller driftskostnader.

§3. Støtteformer

Støtte kan gjevast som tilskot og/eller lån.

Fondet bør ikkje nyttast til aksjeteikning i private bedrifter. Dersom kommunen teiknar aksjar i private bedrifter, kan dette ikkje utgjere meir enn 30% av aksjekapitalen i selskapet. Denne avgrensinga gjeld ikkje utviklingsselskap, utleigebygg o.l., som kommunen etablerer i samarbeid med private interesser.

§4. Tilhøvet til internasjonale plikter på statsstøtteområdet.

Bruken av fondet må vera i samsvar med dei internasjonale regelverk Noreg har slutta seg til på statsstøtteområdet.

§5. Forvaltning

Ved forvaltning av fondet skal det leggjast vekt på låg finansiell risiko og høg likviditet.

Renter og avdrag skal tilbakeførast til fondet.

Kommunestyret skal vedta retningslinjer for bruken av fondet innafor vedtektene.

Kommunestyret kan delegera avgjerdsrett til formannskapet/hovudutval og/eller rådmannen.

§6. Årsmelding

Det skal leggjast fram ei melding over bruken av fondet til kommunestyret kvart år. Gjenpart av meldinga skal sendast fylkesmannen og fylkeskommunen.

§7. Godkjenning av vedtekter

Vedtektene kan endrast etter vedtak av kommunestyret.

Vedtaket treng godkjenning av fylkesmannen. Kopi av godkjende vedtekter skal sendast fylkeskommunen.

KS-049/13 VEDTAK:

Vedtekter for næringsfond for Jondal kommune og Retningsliner for bruk av næringsfond for Jondal kommune vart vedteke av Jondal kommunestyre 11.12.2013, sak 13/281.